



Arne Even Bruknapp
Røahagan 35 B
0754 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2419 - 18/26387

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
29.08.2018

Løyve til oppattbygging av løyve, del 2 - gbnr 68/2 Bruknapp

Administrativt vedtak. Saknr: 432/18

Tiltakshavar: Arne Bruknapp
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppattbygging av deler av løyve. Det vert elles vist til søknad motteken 13.08.2018 .

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.08.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås 2011 – 2023 er definert som byggeområde for hytter. Planen har eit generelt krav om reguleringsplan.

Dispensasjon

Lindås kommune har i vedtak datert 11.08.2015 gjeve dispensasjon for oppattbygging av heile løyva over eksisterande grunnmur. Tiltaket det no vert søkt om er ein del av dei byggearbeida som det er gjeve dispensasjon for og ei forsetjing på allereie igangsatt arbeid.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Tiltaket skal plasserast/oppattbyggast på eksisterande grunnmur i samsvar med vedtak og dispensasjon frå 2015.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert/gjenoppbygd slik det går fram av søknaden.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for vidare gjenoppbygging av deler av løe ift. det som er igangsatt tidlegare på følgjande vilkår:

Del 2 av tiltaket skal oppførast som vist i teikningar frå 07.08.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/2419»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Arne Even Bruknaapp

Røahagan 35 B

0754

OSLO